

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Kjell Gunnar Johansen
Skjelvikvegen 142
5307 ASK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7350 - 20/17783

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
15.09.2020

Avslag på søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad gbnr 352/39 Kårbø

Administrativt vedtak: **Saknr: 381/20**

Byggestad: Gbnr: 352/39
Tiltakshavar: Kjell Gunnar Johansen
Ansvarleg sækjar: Fløysand Va AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det ikkje gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 352/39. Søknaden vert avslått. Grunngevinga går fram av vurderinga under.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 352/39 Kårbø.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett utsleppsleidning som går ut i sjø. Det skal installerast vassklosett.

Storleiken til utsleppet er ikkje opplyst.


Det vert elles vist til søknad mottatt 19.03.2020 og supplert 08.09.2020.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Situasjonsplan datert 19.03.2020.

Sakshandsamingsfrist

Søknad om utleppsløyve vart mottatt 19.03.2020. Søknaden var mangelfull ved mottak og vart komplimentert med etterspurd informasjon 08.09.2020.

Sakshandsamingsfrist etter forureiningsforskriften § 15-5, 1.ledd er 6 veker frå mottatt komplett søknad.

VURDERING

I søknaden er det opplyst at utslippet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utslippet vert ført vidare i tett utleppsleiding ut i sjø.

Søknaden er uklar og mangelfull. Situasjonsplanen viser at leiding vert lagt ut til 12 meter djup, i søknadsskjema er det opplyst at leiding vert lagt ut til 6 meters djup.

Søknaden inneheldt ikkje opplysningar om kva antall pe (personequivaler) det vert søkt om.

Punkt 5, reinsegrad, i søknaden er ikkje utfyllt, det er notert septiktank i søknadsskjemaet.

Det er ikkje søkt om unntak (punkt 5.3) frå § 12-8 til 12-9 i forureiningsforskrifta.

Alver kommunen har teke søknaden til handsaming ut frå dei opplysningar som ligg føre. Sidan det er vist til slamavskiljar i søknaden legg kommunen til grunn at det vert søkt om utleppsløyve etter punkt 5.2. «Utsleppstad i mindre følsamt område» (reinsegrad jf. § 12-9 i forureiningsforskrifta.) Denne vurderinga er gjort ut frå kva reinsegrad ein kan oppnå med ein slamavskiljar.

Kårbøvågen er rekna som eit følsamt område og krev reinsegrad i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-8 «Utslepp til følsamt og normalt område.»

Vågen har fleire tersklar og liten vassutskifting. Det er kommunen si vurdering at Kårbøvågen ikkje er eigna som resipient for mottak av ureinsa utsleppsvatn frå slamavskiljar. Utslepp av ureinsa overvatn frå slamavskiljar direkte til sjø vil ikkje vere tillat i dette området.

Aktuelle løysingar for utslepp av svartvatn frå hyttefeltet på Kårbø vil vera leidning i sjø fram til utsida av Kårbøvågen ved Orneset eller ved etablering av minirensaneanlegg med avløp til heilårsresipient eller sjø.

Omsøkte løysing med slamavskiljar og utslepp til sjø i eit følsamt område er ei løysing som Alver kommune ikkje kan godkjenne og utsleppsløyve for slamavskiljar med leidning ut i sjø vert avslått. (jf. forureiningsforskrifta § 12-8 «Utslepp til følsamt og normalt område.»)

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som område for fritidsbustadar.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Det ligg ikkje føre merknadar frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har ikkje vore send på høyring til andre styresmakter, men har vore lagt fram for avdeling for vatn og avløp.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak treft av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7350

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløysand Va AS	Fløksand	5918	FREKHAUG
Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Kjell Gunnar Johansen	Skjelvikvegen 142	5307	ASK
-----------------------	-------------------	------	-----